



Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

firmapost-vest@vegvesen.no

31. oktober 2014

**Radøy kommune. gnr. 27 bnr. 12. FLØHOLMEN AS.  
Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.**

---

Ein viser til tidlegare korrespondanse.

Som det vil framgå av vedlagte saksframlegg (sak 014/2014, 10. 04. 2014) har Radøy kommunestyre avslutta regulerings-saka (for småbåthamna) grunngjeve med motsegnsvarelse frå vegvesenet.

Kommunen vil ikkje ta den opphavelige søknaden om handsaming av småbåthamna som tiltak opp til ny handsaming og vil heller ikkje revurdere spørsmålet om dispensasjon frå plankrav, med tilvising til fylkesmannens stadfesting av kommunale vedtak om avvisning av klage.

For å koma vidare i spørsmålet om etablering av småbåthamn i samsvar med gjeldande kommuneplan, lyt ein såleis leita etter nye innfallsvinklar.

Eg legg ved epostkorrespondansen med ordføraren 14. mars 2013, om framtidig næringsutvikling i området. Også vegvesenet har forankra fortauskrevet i potensialet for framtidig næringsutvikling.

I vedlagte utkast til brev til Radøy kommune har eg skissert eit alternativt grep : ein områdeplan der deler av fylkesvegen vert flytta til ein meir sentral posisjon i eit utvida næringsområde. Med dette grepet vil ein kunna styra unna det sentrale problempunktet i småbåthamnsaka – eit fortau som vil gripa inn i bnr. 15,20 nær bustadhuset.

Før dette skrivet eventuelt vert sendt kommunen formelt, vil ein be om ein kommentar frå vegvesenet.

Med helsing

Vedlegg

Kopi: Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen [post@floholmen.no](mailto:post@floholmen.no)  
Radøy kommune, 5936 MANGER, [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)